



Møre og Romsdal fylke



■ rundskriv nr. 26/07

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Til rektorar ved alle vidaregåande skoler og ressursentra i Møre og Romsdal
Dato:	Ref:
05.12.2007	MR 25012/2007/062

Fordeling av vaksenopplæringsmidlar 2008

Innleiing

Det nærmar seg jul, og vi reknar med at ressursentra alt er i gang med planlegginga av nye kurs for året 2008. Vi har allereie motteke fleire søknader om nye kurs for våren 2008. Vi reknar med om lag samme ramme som i fjor. Ut frå dei kurs som vart sette i gang i 2007, er kr.3.500.000,- alt disponert av neste års budsjett. Dette gjer at vi må prioritere strengt mellom dei ulike søknadane som kjem, og sørgje for at midlane vert nytta til å oppfylle den lovfesta retten for vaksne.

Som kjend arbeider vi med lukking av dei avvika fylkesmannen har påpeika på vaksenopplæringsfeltet. Dette er eit arbeid vi vil fortsette med gjennom det neste året.

Når det gjeld søking til nye kurs for 2008, vil vi ikkje gje forhandsløfte for kurs før søknadsfristen er ute. I år vert fristen for søknad til kurs med start våren 2008, sett til **20.desember 2007**

Oppfølging av tilsynet frå fylkesmannen

På grunnlag av tilbakemeldingane frå ressursentra på samlinga 26.09.07 arbeider vi no vidare med dei nye skjema som ressursentra skal bruke. Desse er no til ein siste gjennomgang, slik at vi vil sende dei ut til ressursentra før jul. Vi arbeider og med ein prosedyreperm til bruk for ressursentra.

Vår heimeside blir oppdatert med ny informasjon før jul, og her vil dei ulike søknadsskjema ligge. Informasjonen som ligg på våre heimesider, vil og vere tilgjengeleg på www.vilbli.no. Vi ber ressursentra bruke sine nettstadar

til å spreie informasjon om vaksenopplæring og ha ei lenkje til vår heimeside. Det vil bli utarbeidd ein informasjonsbrosjyre om vaksenopplæring på starten av nyåret.

Vi vil arbeide vidare for å utvikle gode modellar for individuell tilrettelagt opplæring for vaksne. Som Fylkesmannen påpeikte i tilsynsrapporten, er støttekurs i privatistordninga og praksiskandidatordninga ikkje godt nok for å oppfylle vaksenretten. Med endringane i Opplæringslova og etter dei manglane som tilsynet peika på, må dei ulike ressursentra planlegge slik at dei vaksne får tilbod om kurs der dei kan velje mellom privatistordning eller elevstatus med standpunkt karakter.

Individuelle opplæringstilbod

Fleire ressursstenter har kandidatar som dei ikkje kan gje eit tilrettelagt tilbod til. For å oppfylle vaksenretten utan for lang ventetid, er det viktig at ressursentra bruker dei digitale verktøya vi har tilgjengelig. Vi gjer merksam på nettstadene www.ndla.no og www.utdanning.no. Ressursentra kan og kjøpe kurs gjennom Nordland fylkeskommune sin nettstad; www.aapenskole.no, eller gjennom Notodden ressursstenter som tilbyr nettundervisning i bl.a helsefagarbeidarfaget.

Før sommeren lyste vi ut prosjektmidlar til utvikling av fleksible opplæringstilbod for vaksne som ressursentra kunne søke på. Vi fekk tre søknadar om midlar frå Borgund vgs, Sykkylven vgs og Ressursstenteret i Kristiansund, og vi vil følge og spreie informasjon frå desse prosjekta. Vi oppmodar fleire til å søkje. Vi ønskjer vidare at ressursentra bruker og vidareutviklar Fronter til individuell tilrettelegging for vaksne.

Når den vaksne ikkje kan bruke eit tilbod via nettbasert opplæring av ulike grunnar, må ressursentra samarbeide med andre ressursstenter om å gi eit høveleg tilbod.

Gratis læremiddel

Som nemnt på ressursentersamlinga den 26.09.07, har vaksne med rett krav på gratis trykte og digitale læremiddel. Fom 01.08.07 er dette heimla i Opplæringsloven §4A-3 4.ledd som lyder: " *Opplæringa i offentleg vidaregåande skole eller i lærebedrift er gratis. Fylkeskommunen har ansvaret for å halde vaksne som får vidaregåande opplæring, med nødvendige trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Vaksne som får vidaregåande opplæring, kan ikkje påleggast å dekkje nokon del av*

utgiftene til dette ut over det som følger av forskrift. Fylkeskommunen kan påleggje vaksne som får vidaregåande opplæring, å halde seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha. Departementet kan gi nærmare forskrifter". I tillegg ber vi ressursentra lese §19-6 i forskrifta til Opplæringslova;" Frå 1.august 2007 skal skoleeigar halde elevar på vidaregåande trinn 2 med nødvendig trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr. Frå 1.august 2008 gjeld ansvaret for elevar på vidaregåande trinn 3 og frå 1.august 2009 gjeld ansvaret for vidaregåande trinn 1."

Fleire fylkeskommunar har allereie praktisert gratis læremiddel for vaksne, og det er ulike modellar for korleis ein skal organisere dette. Nokre har ein utlånsavtale frå skolebiblioteket på bøker, der elevane kan kjøpe dei bøkene dei ønskjer etter avslutta kurs og nokre bruker bøker på nett. Vi vil arbeide vidare med dette og vil komme attende med eit forslag på neste samling for ressursentra.

Når det gjeld gratis læremiddel på praksiskandidatkurs/privatistkurs, gjeld andre reglar. I tilsynet og i samtalar med fylkesmannen blir ikkje praksiskandidatkurs rekna som opplæring etter opplæringslova. Difor har kandidatar på støttekurs og praksiskandidatkurs ikkje rett til gratis læremiddel. For at dei vaksne skal ha rett på gratis læremiddel, må dei vere deltakarar på kurs tilrettelagt for vaksne. Vaksne med rett har og rett på opplæring som deltakarar, men kan velje å vere privatistar.

Høring om endring i §4A-3 i Opplæringslova

Kunnskapsdepartementet sendt den 12.10.2007 ut forslag til endringar i §4A-3 i Opplæringslova. Forslag til nytt 1.ledd i §4A-3 i opplæringslova lyder:

"Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring. Første punktum gjeld vaksne frå og med det året dei fyller 25 år. Ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter §3-1 kan, etter søknad og når det ligg føre særlege grunnar, i staden få vidaregåande opplæring etter denne paragrafen...."

I endringsforslaget er det to endringar vi skal vere merksame på. Departementet foreslår å endre aldersgrensa til 25 år, slik at det blir ein overgang mellom ungdomsrett og vaksenrett. I tillegg foreslår departementet et tillegg i §4A-3 første ledd tredje punktum om ungdom med rett etter §3-1. Ungdom med rett etter §3.1 kan få delta på kurs etter §4A-3 når det ligg føre særlege grunnar. I utgreiinga seier departementet at

slike særlege grunner kan være alderen til vedkommande, eller at vedkommande er i arbeid og derfor har vanskeleg å ha opplæring etter §3-1.

Fristen for denne høringa er sett til 10.12.2007. Møre og Romsdal fylke stiller seg positive til desse endringane og har gitt tilbakemelding på dette. Når det gjeld søknader om deltaking på kurs etter §4A-3 for ungdom med rett, er det utdanningsavdelinga som vil behandle desse. Klageinstans ved ein slik behandling, er etter §28 i forvaltningslova, der klaga vert sendt til Fylkesmannen.

Eksamensoppmelding – merk endra rutinar!

F.o.m 1.januar 2008 vil Møre og Romsdal endre rutinane når det gjeld oppmelding til eksamen som privatist eller som praksiskandidat. Som eit av dei siste fylka i landet, tek Møre og Romsdal fylke oppmelding til privatisteksamen på web. Nettstaden for fylket er www.privatistweb.no.

Dette gjer at ressursentra må informere sine kandidatar om denne nettstaden. Det vil ikkje vere mogleg å melde seg til eksamen via papirbasert system, og det er den einskilde kandidat sitt ansvar å melde seg opp til eksamen. Databasen vil vere open i perioden 01.01 til 15.01. Betaling skjer og via nett, og oppmelding vert ikkje godkjent før betaling er registrert.

Dei ulike ressursentra må informere sine kandidatar om denne endringa, og dei som ikkje rekk fristen den 15.januar får ikkje gå opp til eksamen vår 2008.

Extens – obligatorisk kurs

Som nemnt tidlegare på samlinga for ressursentra, er det ulik praksis når det gjeld registrering på Extens. Ved rapportering i haust, oppdaga vi fleire feilføringar frå ressursentra, både når det gjeld kurs, sluttkompetanse og bruk av paragrafar på kompetansebevis. Dette gjer arbeidet med rapportering vanskeleg og meir komplisert, og gjev eit svært galt bilete av aktiviteten her i fylket.

Vi har difor planlagt kurs i Extens den 4. og 5.februar eller den 21.og 22.februar 2008. Dette kurset er obligatorisk for leiarar av ressursentra. Viss ansvaret for dette arbeidet ligg hos ein annan ved skolen, må denne delta på kurset. Vi ber om ei tilbakemelding om kva dato som passar best før den 15/12.07.

Krav om diverse informasjon frå ressursentra

På samling for ressursentra den 26.09.07, etterlyste vi oppsummering av deltakarevalueringa for avslutta kurs. Etter ein gjennomgang på dei 53 avslutta kurs hausten 2006 eller våren 2007, har vi bare motteke ei slik oppsummering. Vi kjem til å skjerpe inn dette kravet i 2008, og ber alle kursarrangørar sende slik dokumentasjon til oss snarast etter kursavslutning.

I tillegg har vi etterlyst ein oversikt over vaksne med rett som ikkje har eit tilbod. Vi ber ressursentra oppdatere sine lister og sende oss denne.

For å ha ei samla oversikt over malar, prosedyrar, kurstilbod, lovverk, tildelingar osv, vil vi i midten av desember opprette eit eige rom for vaksenopplæring på Fronter. Dette er eit rom der bare kontaktpersonar på ressursentra og utdanningsavdelinga skal ha tilgang. Vi håpar å bruke eit slikt rom til diskusjonar og erfaringsutveksling.

Med helsing

Per Hoem
fylkesutdanningsdirektør

Anita Steinbru
Seksjonsleiar

Gjenpart:
Fylkesdirektøren
Fylkesordføraren
Lærerorganisasjonane
Utdanningsutvalet
Yrkesopplæringsnemnda